

**Fra:** Alfred Jens Bjørlo (Alfred.Jens.Bjorlo@vlfk.no)

**Sendt:** 15.06.2020 06:54:11

**Til:** Jon Askeland; Fylkesordfører Vestland

**Kopi:** Rune Haugsdal

**Emne:** Sv: Skriftleg spørsmål til Fylkesutvalet 18/6 om Kommunale næringsfond og korona

**Vedlegg:**

For ordens skuld: Spørsmålet er sjølvsagt tenkt til møtet 18. juni, ikkje 18. mars, som eg no ser at det står..

mvh alfred

---

**Fra:** Alfred Jens Bjørlo

**Sendt:** mandag 15. juni 2020 06:52

**Til:** Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Fylkesordfører Vestland <Fylkesordforer@vlfk.no>

**Kopi:** Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@vlfk.no>

**Emne:** Skriftleg spørsmål til Fylkesutvalet 18/6 om Kommunale næringsfond og korona

Eg vil med dette stille følgjande skriftlege spørsmål til Fylkesutvalet 18. mars:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har nyleg sendt brev til fylka om fordeling av ekstra "koronamidlar" til kommunale næringsfond. Vestland får tilført 75 mill NOK av dei 600 mill totalt - med atterhald om endeleg godkjenning i Stortinget denne veka.

Målet med desse midlane er at dei skal stillast raskt til disposisjon for kommunar (og i neste omgang næringsliv) i Vestland for å bistå med å handtere og førebyggje korona-krisa. Dersom det ikkje kjem opp politisk sak om fordeling av og kriterier for desse midlane før i dei neste ordinære møta i Hovudutval Næring/Fylkesutval, vil ikkje midlane kunne fordelast til kommunane og "setjast i arbeid" før i slutten av september. Det er uheldig, sett i lys av dette er krise-pengar der heile intensjonen er å få dei raskt i arbeid.

**Vil Fylkesordførar ta initiativ til at dei ekstra 75 mill NOK til kommunale næringsfond kan bli fordelt raskast råd til kommunar og næringsliv i Vestland - til dømes ved fullmakter frå FU, evt innkalling til ekstraordinære møte i relevante utval for å få handsama saka no i sommar?**

Alfred Bjørlo, Venstre